

Invitasjon til å teikne aksjar i Rovdefjordsambandet as

Org.nr. 996605949

Signert teikningsblankett sendast;
post@rovdefjordsambandet.no

eller via post til
Rovdefjordsambandet as
c/o Vanylven kommune, Rådhuset, 6143 Fiskå



Emisjon i Rovdefjordsambandet as

Generalforsamlinga i Rovdefjordsambandet vedtok på ordinær generalforsamling 22. april 2020 (etter tilråding frå styret i selskapet) å auke aksjekapitalen i selskapet med inntil kr. 1,5 mill. kroner

Emisjonsperioden vert frå 1. mai 2020 til 01.03.2021
Noverande aksjonærar har etter lov fortrinn til å teikne aksjar
Emisjonen vert gjennomført for å finansiere vidare prosjektarbeid fram mot vedtak B2 (MRFK, Prosedyre og kvalitetssikring av «sjølvfinansierende prosjekt»)

Teikna aksjar skal innbetalast til konto 3910 41 50369 i Sparebankem Møre

(Sjå vedlagde teikningsblankett på siste side)

Vi inviterar med dette kommunar, organsiasjonar, næringsliv og privatpersonar til å teikne aksjar i selskapet. Det er avgjerande at vi har eit breidt engasjement og støtte for prosjektet, og vi håper du vil teikne aksjar for å få utarbeidd eit godt grunnlag for å realisere Rovdefjordsambandet

Styret i Rovdefjordsambandet as

*Magne Løvoll (leiar) Jon Aasen (nestleiar)
Olav Steimler, Annika Brandal, Liv Sæter Myskja, Hilde Marie Brungot*

Vara: Per Kristian Furø, Mona Stenersen

For ytterlegare informasjon,

ta kontakt med styreleiar Magne Løvoll, tlf. 950 81 675

Rovdefjordsambandet – ein viktig del av kystvegen Ålesund – Bergen

Å erstatte ferje med bru vil føre til:

- Større regional attraktivitet
- Større og sterkare bu- og arbeidsregion

Å knyte saman dei sterke bu- og arbeidsmarknadsreionane på ytre søre Sunnmøre til ytre Nordfjord vil gje ein fergefri region som er sterkt knytta saman mot marine og maritime næringar – ein sterkare regioen for ei positiv næringsutvikling i framtida. Dette vil også gje innbygarane i regionen større fleksibilitet for bustad, arbeid og fritid.

Milepælar

- | | |
|------|--|
| 2011 | Rovdefjordbrua as stifta |
| 2013 | Planprogram vedteke i begge kommunar - Arbeid med K-plan startar |
| 2014 | 1. gangs høyring K-plan - VU set i gang forprosjekt. v/Reinertsen AS, Dr. Tech Olav Olsen, Snøhetta, SINTEF - Avtale sekretariat VU, eiga prosjektstilling |
| 2015 | 2. gong høyring K-plan - Endrar namn til Rovdefjordsambandet as |
| 2016 | Godkjent kommunedelplan i begge kommunar
Planbeskrivelse, finansierings- og kontantstraumsanalyse og konseptval med vedlegg oversendt MRFK |
| 2018 | Oppdatert forprosjekt - Trafikkanalyse utarbeidt v/Norconsult |
| 2019 | Vedtak MRFK B0 – Behovsanalyse. Gjennomføring av KS1 – Møreforsking/Marstran. Vedtak MRFK B1 – Konseptval |
| 2020 | Oppstart prosjekt om innsparingstiltak
Inngått avtale med Dr Tech Olav Olsen om «Konseppdatering Rovdefjordsambandet» |

Informasjon om selskapet i samband med invitasjon til aksjekapitalutviding 2020

(Emisjon)

Selskapet sitt formål

Rovdefjordsambandet as er eit selskap som har til formål å arbeide for realisering av fast samband mellom Koparnes/Bjørlykke i Vanylven kommune og Storeneset/Saude Indre i Sande kommune.

Kryssing av Rovdefjorden

Tanken på eit fergefritt samband over Rovdefjorden vart starta allereide tidleg på 1970-talet. Planane då var å bygge ein undersjøisk tunnel frå Eidså/Sandnes vidare til Almestad/Leikong.

Seinare har det vore arbeidt med flytebru (80-talet) kombinert med høgbru frå Saudeholmen til Storeneset.

I forbindelse med etablering av felles målsetting om ein fergefri kystveg Ålesund – Bergen der samtlege ordførarar langs kysten signerte eit felles framlegg om å få realisert prosjektet vart Rovdefjordbrua as stifta i 2011.

Selskapet har i dag ein aksjekapital på kr. 5.880.000,-.

Etter utvidinga av aksjekapitalen i 2016 og 2018 er 79 kommuner, bedrifter, organisasjonar og privatpersonar aksjonærar i selskapet.

Selskapet har sidan 2014 hatt eit nært samarbeid med Vanylven Utvikling as (kommunalt næringssselskap for Vanylven kommune) med sekretæriat og eige prosjektstilling med fokus på fjordkryssingsprosjektet.

Selskapet har ingen tilsette

Styreleiar Magne Løvoll fungerer som dagleg leiar for selskapet.

Status og vidare framdrift

Rovdefjordsambandet vil i arbeidet for realisering av ei sjølvfinansierende fjordkryssingsprosjekt i følgjande hovudområder:

- Kostnadsreducerande tekniske løysingar – brutype - konsept
- Finansiering
- Organisering og gjennomføring av prosjektet
- Kommunikasjon – informasjon / formidling av arbeidet med prosjektet.

Invitasjon til aksjeteikning og informasjon om selskapet vil bli lagt ut og være tilgjengeleg på selskapet si heimeside.

Fiskå 8.05.2020

Styret i Rovdefjordsambandet as

Teikningsblankett

I samband med utvding av aksjekapitalen i Rovdefjordsambandet as
(org.,nr.996 605 949)

Teikningsperiode: 01. mai 2020 til 01.03.2021

På generalforsamlinga til Rovdefjordsambandet as 22.04.2020 vart det gjort vedtak om ny emisjon i selskapet ved teikning av 300 nye aksjar à kr. 5.000,-
På bakgrunn av dette teiknar vi oss for aksjar i selskapet.

Innbetalingsdato: _____

Spesifikasjon av teikninga:

Teiknaren sin VPS-konto (12 siffer) : _____

Teiknaren sitt førenamn: _____

Teiknaren sitt etternamn/firmanamn: _____

Adresse: _____ Postnummer: _____ Poststad: _____

Fødsels-/føretaksnummer: _____ Mobil: _____

Teiknar: _____ Totalt teikna sum: _____

_____ Emisjonskurs 100 %
andelar kvar pålydande kr 5.000 _____ kr

I samsvar med teikningsinvitasjon av 01.05.2020 teiknar underteikna seg som angitt ovanfor:

Sign

Konto nr. for innbetaling av påteikna sum: 3910 41 50369

Denne teikningsblanketten er bindande. Underteikna er kjend med vilkåra som er gjort gjeldande for teikninga.

Teikningsstad og dato _____

Forpliktande underskrift _____

Teikningsblanketten må vere innkomen innan 1. mars 2021

Originalblankett sendast til:
Rovdefjordsambandet as
P.b. 50,
6143 Fiskå